


Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 4 - September 1979
12. årgang



**«Kom til meg, alle de som slit og har
tungt å bera, eg vil gje dykk kvile», seier
Jesus. (Matt.11,28)**

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna.

Redaktør: Audun Stølås, Borge, 5233 Haukeland, tlf. 24 00 61.

Redaksjonsnemnd: Ingvar Fykse, Harald Haugsvær, Bjørg Hellesøy, Målfrid Sandvik.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy, Fagerhaug 3, 5260 Indre Arna, tlf. : 24 14 47.

Bladpengar: Kr. 15,-. Utanbygds/lands kr. 20,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

ARNA PRESTEGJELD

Prestekontoret Indre Arna: Tlf. 24 04 00.

Kontortid: Tysdag, onsdag, fredag kl. 10 - 11.30.

Torsdag kl. 17,30 - 19.00.

Prestekontoret Ytre Arna: Tlf. 24 13 25.

Kan treffes etter avtale

Arna kyrkjelyd sin dagheim: Tlf. 24 12 45.

Adresser:

Sokneprest Øyvind Øy, Vollav. 31, Indre Arna. tlf. 24 02 72 i.

Kateket Målfrid Sandvik, Arhaugen 8, Indre Arna.

Kateket Harald Haugsvær, Lone. Tlf. 24 08 15.

Fung. klokkar Olav K. Hesjedal, Hauge, Haukeland. Tlf. 24 01 17.

Klokkar Per Sæle, Skulev. 8, Ytre Arna. Tlf. 24 13 10.

Organist Paul Leithaug, Birkeveien 47B, Landås

Organist Michael Knutsen, Tyriv. 20, Eidsvåg. Tlf. 25 63 48.

Kyrkjetenar Monrad Ulveseter, Stølsv, 15, Indre Arna.

Tlf. 24 09 65.

Kan treffast på tlf. : 24 09 65 tysdag og torsdag

kl. 17.00-18.00 og onsdag og fredag kl. 10.00-11.00.

Vik. kyrkjetenar Arthur Askeland, Haugland. Tlf. 24 11 55.

Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseth, 5260 Indre Arna.

Kontortid måndag - fredag 10-11. tlf. 24 05 69.

Soknerådsformann i Arna, Olav K. Hesjedal, Hauge, Haukeland.

Tlf. : 24 13 10.

Soknerådsformann i Ytre Arna, Per Sæle, Skulev. 8, Ytre Arna.

Tlf. 24 13 10.

Er du redd for et religiøst overfall?

Jeg kan ikke tenke meg å gå på et kristelig møte. Jeg har ingen ting imot at noen snakker om Gud og Jesus! men når de samme menneskene begynner å snakke om synd og umoral, synes jeg de går over streken. De må passe sine egne saker!

D et verste er når noen spør meg om jeg vil bli frelst. Da sier det stopp for meg altså. Jeg synes jeg ser meg selv løper til kirken hver søndag og kneler ved alterringen. Nei, takk, en slik adferd passer ikke meg. Jeg vil leve mitt eget liv.

Hva vil det si å tro på Gud? I kristen sammenheng vil det si å vite. Å vite noe om det vi ikke kan se.

Sentralt i kristendommen står

- en sann Gud.
- verden er en kampplass mellom Gud og Det onde.
- menneskene står midt i denne kampen.
- Jesus tar et initiativ i kampen mellom Gud og Djevelen.
- Initiativet fra Jesus er redningen fra å bli et offer for det nedbrytende arbeid Djevelen driver.

Kristen tro er å vite noe om det vi ikke kan bevise. Hvem tør ta imot utfordringen?

Den kristne tro gir alle full frihet til å avise eller akseptere. Kristenommen er ingen tvangstrøye.

Thor Horntvedt



Søndags- skulane

Søndagsskulane i Arna har teke til att etter ferien. Gamle og nye elevar er hjarteleg velkomne. I Arna prestegjeld er det søndagsskule desse stadane:


Indre Arna, bedehuset	kl. 10.00
Arnatveit, Salen	kl. 10.00
Fjellgardane, Bjørndalen g.skule	kl. 10.30
Hauge, bedehuset	kl. 10.45
Haugland, bedehuset	kl. 11.00
Haukeland, Grendahuset	kl. 10.30
Liatun, Stølsv. 98	kl. 9.45 og 10.30
Romslo, skulehuset	kl. 10.30
Seimsmark, Garnes barneskule	kl. 10.00
Takvam, kapellet	kl. 11.45
Trengereid, bedehuset	kl. 11.00
Tunes, bedehuset	kl. 11.00
Unneland, bedehuset	kl. 11.00
Ytre Arna, bedehuset	kl. 10.30
Ådnamarka, Stølsv. 94	kl. 10.30

Dei fleste stadene er det søndagsskule kvar søndag, men på ein skilde stader er det anankvar.

Søndagsskulens Dag for Indre og Ytre Arna vert søndag 30. september.

Det er godt og riktig å senda barna på søndagsskulen. Høyr berre kva dette sangverset uttrykkjer:

*«Ingen er så trygg på ferda, som Guds barneflokk i verda,
ingen fugl er vel å verna, ingen himmelsol og stjerna.
Herren sine trugne lagar kvilestad i Sions hagar.
Over dei han seg forbarmar, ber dei støtt på faderarmar.
Naud og lukka til vil falla, Herrens hand skal fast oss halda.
Som ein ven han sine aktar. Han er deira skjold og vaktar.
Sjå, dei gode fader-hender både med- og motgang sender.
Men hans vise råd er milde: Berre vel han barnet ville».*



Takkam for tida i Arna Fykse til Lindås

— No ved avsluttinga av tida her i Arna kjenner vi takksemd til alle dei menneske vi fekk møta og bli kjend med, og særskilt til dei vi har hatt mest med å gjera i kyrkjelydsarbeidet. Vi har kjent at vi har fått ei veldig omsorg og omtanke. Det har vore slått ring kring oss, folk i kyrkjelydane har bedt for oss og hjelpt oss, og det har vore ein veldig styrke.

Det er res.kap. Ingvar Fykse som seier dette i ein samtale med Kyrkjelydsbladet. Fykse er utnemndt til sokneprest i Lindås prestegjeld, og han og familien reiser dit 25. september.

— Da eg kom til Arna for vel 7 år sidan hadde eg ikkje noko erfaring som kyrkjelydsprest. Eg hadde bak meg eitt år som marineprest og 2-3 år i administrativ stilling. Eg veit ikkje kor mykje folk merka av min manglande erfaring som kyrkjeprest. Men eg har sjølv lært veldig mye om kyrkjelydsarbeid. Det har eg gjort heile tida, først og fremst gjennom kontakten med dei menneske eg har møtt. Dei oppgåvene ein prest er stilt ovenfor er svært varierte.

Framhald s. 12

Konfirmanten - vårt ansvar

28. og 29. august var det konfirmantinnskrivning i Arna. Ein stor flokk har meldt seg til konfirmantforebuving i år også. Dei unge har ulike bakgrunn, og kjem med ulike forventningar. Vi ynskjer at kvar einskild av dei må få eit rikt konfirmantår.

Arbeidet med dei unge i konfirmasjonstida er ein del av det gudommelege oppdraget som kyrkja har fått frå sin Herre. Dette oppdraget kjem særleg klårt fram i misjonsbødet, der Jesus seier: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar, med di de døyper dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, og lærer dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står».


I dåpen vart dei unge gjort til Guds born og tekne inn i den kristne kyrkja. Saman med kyrkjelyden tok foreldre og fadrar på seg eit stort ansvar. Dei skal ha omsorg for dei døypte og la dei få ei kristen oppseding for at dei kan leva saman med Jesus Kristus når dei veks opp.

Konfirmasjonstida har vore – og er – ein viktig del av kyrkja si opplæring av sine døypte medlemmer. Målet for konfirmasjonstida er å vekkja og styrkja truslivet som vert gjeve i dåpen, for at dei unge kan leva og veksa som Jesu Kristi disiplar. Kyrkja si oppgåde er såleis å hjelpa dei unge til å leva som kristne i tru, tilbeding

og teneste.

Dette er ei stor og krevjande oppgåde som vi må stå saman om! Først og fremst kan vi stå saman i bøn for dei unge.

Ny styrar ved Dagheimen



Kjellaug Kråkenes (biletet) frå Kråkenes ved Måløy er tilsett som ny styrar ved Arna kyrkjelyd sin dagheim i Indre Arna. Ho tok til i stillinga 1. august. Dagheimen har i haust også fått 3 nye praktikantar. Det er Ingunn Natås, Lindås, Ranveig Valle, Lindås og Gunn Karin Sagosen, Bergen.

Sokne- prest Øy innsett

Den nye soknepresten i Arna, Øyvind Øy, vart innsett i embetet av domprost Nils Monstad under gudstenesta søndag 26. august. Øy hadde då fungert som prest i Arna i nokre veker.

Etter gudstenesta var det kyrkjekaffe i Arna bedehus. Det var fleire som då ville helsa den nye soknepresten og familien hans velkommen til Arna.

Formannen i soknerådet, Olav K. Hesjedal, sa i si helsing at kyrkjelyden og presten er eitt. Slik kyrkjelyden er, slik vert presten. Kyrkjelyden må difor be for presten slik at han kan gjera den gjerning han er sett til. Det må vera eit samarbeid mellom kyrkjelyd og prest om Guds rike skal gå fram imellom oss. Hesjedal overrekte ei personleg gåve til sokneprest Øy – ei gamal huspostille av biskop Heuch.

Res.kap. Ingvar Fykse minna om ord



Sokneprest Øy saman med familien utanfor prestebustaden i Vollaiveien. Foran frå venstre: Leidulf og Jostein. Ståande frå venstre: sokneprest Øyvind Øy, Margunn, Geir og Gerd Øy.

han sjølv hadde fått med seg at biskop Juvkam då han skulel ta til som prest i Arna: I kyrkjelyden vil du oppleve ei kraft som

ber deg gjennom tenesta. Her i Arna vil du få merke dette. Arna er ein god plass å vera, og du lika deg betre og betre.

Solveig Tesdal har slutta som organist i Arna kyrkje



Solveig Tesdal spela orgel under gudstenesta søndag 26. august for siste gong som fast tilsett organist i Arna.

Solveig Tesdal slutta ved siste månadsskifte som organist i Arna etter 20 år i stillinga. Ho har no halde på som organist i 55 år.

På kyrjekaffan etter gudstenesta søndag 26. august, den siste høgmesse fru Tesdal spela orgel til som fast tilsett organist, fekk ho mange takkens ord for si innsats i kyrkjelyden. Solveig Tesdal

har gjort langt meir enn det ho hadde plikt til. Ho og mannen har alltid hatt ein open heim der ein kjende seg velkomen..

Erna Halvorsen overrekte gáve frá kyrkjelyden — eit maleri av koret i Arna kyrkja måla av Asbjørn Rekke. Det er tidlegare berre biskop Hagesæter som har fått eit slikt maleri av

Arna kyrkjelyd, så det fortel kor stor pris vi set på deg, sa Erna Halvorsen. Ho takka for Solveig Tesdal sine friske rytmer og det hurtige tempo i orgel-spelinga. Salmesongen har på grunn av dette aldri vore kjedelig i Arna kyrkje. Ho takka også for den innsats fru Tesdal har gjort for Kyrkjekoret.

Paul Leithaug ny organist

Per Leithaug tok frá 1. september til i stillinga som organist i Arna. Den nye organisten er 25 år gamal. Han er her fotografert saman med kona Britt. Vi kjem med eit større intervju med Paul Leithaug i neste nummer av Kyrkjelydsbladet.



ARNA KYRKJEKOR

har lagt opp til eit aktivt haustprogram med fleire ulike arrangement i Arnakyrkja og Bergen, studieopplegg med sangundervisning og notelære med avsluttande kursweek-end i november. Koret arbeider målbevisst for kvalitet, legg opp eit allsidig repertoar, og ynskjer å ska-

pa eit friskt og engasjerande kor-miljø. Vi er no ca. 20 aktive medlemmer og treng mange nye medlemmer frá 20-årsalderen og oppover.

Ansvarleg leiar for koret er den nye organisten vår, som har studert kor- og orkesterinstruksjon hos kjende pedagogar som Mangersnes, Eric Ericson, Okko Kamu og Militiades Caridis. NB! Øving i Arna kyrkje kvar onsdag kl. 20 - 21.45! Vel møtt!

Framhald: Konfirmanten

Gud har knytt sterke lovnader til bøna.

Mange av dykk er trufaste i bønstenesta. Og eg vil oppmuntra dykk til å halda fram. Du gjer eit svært viktig arbeid i Guds rike! No ber eg deg særleg hugsa på dei konfirmantane du kjenner. Dei vert presenterte i kyrkja søndag 9. september. Be også for konfirmantlærarane og gruppeleiarane. Vi treng forbøn og støtte! Det er også ein styrke å vita at nokon ber for oss og det arbeidet vi står i.

Det er ofte slikt at dei vi ber for, får vi også spesiell omsorg for og vert glade i. Eg ynskjer at vi må møta dei unge med **kjærleik** og **omsorg**.

Dei treng det. Og det er vårt ansvar og vår oppgáve. La oss — Som kyrkjelyd — ta oppgáva vår alvorleg. Og lovnaden står fast: «Sjá, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står».

Målfrid Sandvik

Fireåringar

Søndag 30. september er det søndagsskulen sin dag i Arna. Då vert det også utdeling av «Mi kyrkjebok» til fireåringane, det vil seia dei som er døypt i 1975. Her vil vi gjerne få invitera dei 4-åringane som har flytta til Arna seinare og som vi difor ikkje når med personleg innbyding.

Familieside



Arna Sokn

DØYPTE:

- 08 04 Bjarne Vasset, Ingrid Marie Olsen Hansen.
15 04 Gunhild Johanna Ølmheim Hollekve.
22 04 Geir Ingjald Drageide, Raymond Gjerde, Kathrine Gjerde.
28 04 Jørn André Lohne, Stein Ove Fotland, Marita Monclair, Trine Lohne, Merethe Birkeland.
29 04 Geir Arne Kvalvåg.
13 05 Kari Margrethe Mjelde
19 05 Endre Moen, Halvard Munddal Torvund, Ronny Blomdal, Stig Morgan Vie, Linn Janette Minde, Hilde Bratland.
20 05 Kenneth Hansen, Gjertrud Gulestøl, Sissel Karin Trondsgård.
02 06 Arild Iversen, Ingvild Ann Hinna, Laila Borge.
03 06 Roy Ove Birkeland, Line Kolnes.
09 06 Kjetil Pedersen
17 06 Veronica Thornquist.
23 06 Gerda Marie Akselberg, Tove Selvik,
24 06 Ingrid Helen Kleiven, Øystein Ulltang.
01 07 Kristine Lie, Anders Mykkeltveit. Silje Veronica Ytrearne.
07 07 Arild Angelskår, Terje Liland, Kari Unneland, Jorunn Låte Iselin Marie Eliassen, Silje Ivarsflaten, Hilde Ivarsflaten, Monica Renate Odden.
08 07 Fredrik Mohn Nøking.
15 07 Cecilie Kleiveland, Nora Kristin Garnes.
28 07 Lars Tore Hauge, Christer René Vikebø.
29 07 Tom Erik Elvik, Renate Blomdal Karlsen.
05 08 Audun Johan Halland, Mona Nyvold.
18 08 Kjell Magne Ahlsen, Håvard Hammertrø Johnsen, Ken Andre Berg, Jahne Christensen, Siri Vevle.
19 08 Håkon Andre Vik, Jannicke Rippe.

VIGDE

- 19 05 Geir Thommassen og Linda Beathe Fauskanger.
26 05 Bjarte Magne Furevik og Anne Maiken Wisht.
02 06 Gustav Vangstad og Elin Hartveit.
19 05 Jarle Helle og Reidun Johanna Tveit (vigde i Ålgård).
09 06 Thorbjørn Blindheim og Rita Garnes.
09 06 Helge Arvid Træland og Torhild Hirth.
09 06 Asbjørn Borge og Britt Danielsen (vigde i Mariakirken i Bergen).
16 06 Kåre Kvalvåg og Gunn Olaus Møland.
16 06 Reidar Holmedal og Reidun Haugsvær.
23 06 Jan Thunes og Eva Ann Dimmen.
22 06 Geir Solheim og Solaug Torp (vigde i Landås k., Bergen).
30 06 Lars Sperrevik og Gro Skaar.

- 07 07 Asle Karsten Skålevik og Anny Margrethe Skjelbred.
07 07 Ole Arnstein Stue og Solveig Vestrheim (vigde i Voss).
14 07 Harald Larsen og Nina Olsen.
21 07 Jan Birger Hauge og Bjørg Jenny Minde.
30 07 Kenneth Birkeland og Torill Pettersen (vigde i Laksevåg k.)
28 07 Tore Bratli og Anne Johannessen.
28 07 Inge Lyhammer og Olaus Margrete Borge.
04 08 Kjell Inge Sande og Sissel Lillian Johannessen (vigde i Hjelmås kapell).

- 18 08 Henning Hansen og Nina Margrethe Nyteit.

DØDE

- 22 05 Johan Andreas Skreien, f. 1905.
31 05 Lars O. Hauge, f. 1902.
06 06 Leif Olai Nilssen, f. 1909.
27 06 Victor Bjørsvik, f. 1910.
25 07 Anna Røen, f. 1893.
05 08 Trygve Kåre Bjørndal, f. 1927.
14 08 Anna Aasheim, f. 1890.
15 08 Sogni Borge.

YTRE ARNA SOKN

DØYPTE:

- 20 05 Lars Fredrik Christensen.
27 05 Øyvind Hjortland.
08 07 Fredrik Mohn Nøking, Marthe Waage.
04 08 Einar Venset Sleire.
11 08 Kristin Haarstad.

VIGDE:

- 19 05 Jan Willy Syska og Ingunn Svartveit.
Asle Michael Reigstad og Ingrid Kvamme.
21 07 Roy Gunnarsen og Sonny Iren Kvalheim.
04 08 Morten Oliver Hofseth og Anny Reigstad.
11 08 Tor Oddvar Holmefjord og Rønnaug Revheim.

DØDE:

- 14 04 Sigvard Pettersen, f. 1885.
14 05 Johan Andreas Skreien, f. 1905.
28 05 Klara Johannesen, f. 1889.
03 06 Oskar Bertin Olsen, f. 1903.
11 06 Leif Olsen, f. 1915.
22 06 Anna Marie Dale, f. 1897.
26 07 Gudrun Kalsås, f. 1902.
27 07 Berta Amalie Teigland, f. 1898.
27 07 Solveig Hella, f. 1921.
17 08 Olga Skreien.
27 08 Gustav Dale.

Framhald: Fykse til Lindås

Ved sidan av dei administrative tinga skal ein møte menneske i alle aldre og i alle situasjonar — i sorg og glede. Ein skal tale til småbarn, til konfirmantar og til eldre. Eg minnes tida her i Arna med stor takksemnd.

Fykse er fødd og oppvaksen på Lindås, på garden Nedreås i Stranda. Denne bygdi ligg no i Osterfjorden prestegjeld, som er naboprestegjeldet til Lindås, der Fykse no skal taka over sokneprestembetet etter den nye soknepresten i Arna, Øyvind Øy.

— Kva er det som gjer at ein prest reiser frå ein kyrkjelyd til ein annan, Fykse?

— Det kan vera sunnt og godt både for presten og kyrkjelyden at ein prest rører litt på seg. Slik har vi kjent det etter 7 år i Arna, og det er ei forholdsvis lang tid. Ikkje slik å forstå at vi ikkje kunne tenkja oss å vera her lenger. Vi er jo også relativt unge mennesker, og det kan vera betre å flytta på seg no i første delen av prestetenesta enn seinare, seier Ingvar Fykse.



ARNA SPAREBANK

Indre Arna · Espeland · Ytre Arna



Banken i Arna frå 1866
Banken der du bur

— til bygdefolket sitt beste
gjennom 113 år.

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4. tlf. 23 20 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11. tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk,
der alle kundar, store som små,
er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN, avd. Arna



ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss
De også. Vi gir god service.

KVERSØY BILFORRETNING

ESPELAND

Telefon 24 00 17 — 24 08 45

I MIN FORRETNING
finn De gaver til bryllup, konfirmasjon
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 24 04 96

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes
Transport med egen bil
Annonser, sanger, sløyfer
Monumenter besørages oppsatt

ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi



— Assurandør —

OLAV A. HOVDEN

Er autorisert rådgiver i forsikring.
Han hjelper Dem med alt innen for-
sikring, finansiering, og leasing.
Ring, stikk innom eller send noen ord

Storebrand  **Idun**
for sikkerhets skyld

Postboks 17 5260 Indre Arna
Telefon 241532 — Privat 280811

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning
Hugs at vi har laveste pris,
og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88

Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

Blomar til alle høve!

Vår spesialitet er dekorasjonsplanter
GARNES GARTNERI

Telfon 24 04 01 — Garnes.
Utsal: Espeland — Tlf. 24 17 27.

Velkommen til kyrkje

Preikeliste for Arna

9. sept: **ARNA** kl. 11, res.kap. Fykse. Konfirmantpresentasjon. Offer til Arbeidet mellom funksjonshemma i kyrkjelyden.
YTRE ARNA kl. 11, sokneprest Øy. Konfirmantpresentasjon.
16. sept: **ARNA** kl. 11, sokneprest Øy. Nattverd.
ARNA kl. 19, ungdomsgudsteneste ved sokneprest Øy.
YTRE ARNA kl. 11, res.kap. Fykse. Avskjedsgudsteneste. Nattverd
Offer til kyrkjelydsarbeidet.
Kyrkjekaffi etter gudstenesta.
23. sept: **ARNA** kl. 11, res.kap. Fykse. Avskjedsgudsteneste. Offer til arbeidet i kyrkjelyden. Kyrkjekaffi.
YTRE ARNA kl. 11, sokneprest Øy.
30. sept: **ARNA** kl. 11, familiegudsteneste ved sokneprest Øy. Søndagsskulens dag. Utdeling av «Mi kyrkjebok». Offer til Bergen søndagsskulekrins.
YTRE ARNA kl. 11, familiegudsteneste ved pastor Nils Arne Lavik. Søndagsskulens dag. Utdeling av «Mi kyrkjebok». Offer til Arna søndagsskolelag.
7. okt.: **ARNA** kl. 11, sokneprest Øy. Nattverd. Offer til Menighetsfakultetet.
YTRE ARNA kl. 11, sokneprest Tesdal. Nattverd. Offer til Barnevernsinstituttet Dronning Mauds Minne.
14. okt.: **ARNA** kl. 11, sokneprest Tesdal.
21. okt.: **ARNA** kl. 11, sokneprest Øy. Nattverd.
ARNA kl. 19, ungdomsgudsteneste.
YTRE ARNA kl. 11, sokneprest Tesdal.
28. okt.: **ARNA** kl. 11, sokneprest Tesdal.
YTRE ARNA kl. 19, sokneprest Øy.
TRENGEREID kl. 11, sokneprest Øy. Nattverd.